

Fra: Vole, Magnhild[Magnhild.Vole@nav.no]
Sendt: 28.08.2024 14:14:08
Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]
Tittel: Høyringsinnspeil til skulestruktusaka frå NAV Vågå, Lom og Skjåk

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

I samband med skulestruktursaken kjem NAV Vågå, Lom og Skjåk med følgande innspeil frå:

NAV Vågå v. Magnhild Vole
NAV Lom og Skjåk v. tidlegare leiar Bjarte Rossehaug og nåverande leiar Ingunn Merete Tvedt.

Med venleg helsing
Magnhild Vole
NAV-leder
NAV Vågå
☎: 55 55 33 33 // 917 55 478
✉ magnhild.vole@nav.no
www.nav.no

Å høyre til

«Men meir enn det å vera, er det å høyre til,» skrev Jan-Magnus Bruheim i diktet *Å høyre til*. Denne setninga skildrar eit grunnleggjande behov alle menneske har for å kjenne på livsmeistring: nemleg kjensla av å høyre til noko. At ein har ein funksjon i samfunnet. At livet og det ein gjer, gjev meinings, og at ein deltek i eit fellesskap. Det motsette av dette er utanforskap.

Over ein fjerdedel av dei over 16 år i Innlandet har berre grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Innlandet har, saman med Nord-Noreg, lågast utdanningsnivå i Noreg. Dette er ei gruppe som har utfordringar med å knyte seg til eit arbeidstilhøve, og statistikk syner at det er tre gongar så høg arbeidsløyse blant dei som berre har fullført grunnskulen, samanlikna med dei som har fullført høgare utdanning - og dobbelt så høg samanlikna med dei som har fullført vidaregåande.

Ein vidaregåande skule som leverar kvalitet vil vere med å auke utdanningsnivået, auke antal menneske som knyter seg til arbeidslivet, og auke antalet som kjenner seg som ein del av samfunnet – noko av det mest grunnleggjande vi treng å kjenne på som livsmeistring.

Utanforskning er lik arbeidskraftreserve

I Noreg står mellom 650 000 og 700 000 personar til ei kvar tid utanfor arbeidslivet, og i 2035 vil to av tre norske kommunar ha færre menneske i yrkesaktiv alder enn i dag. Det har ikkje Noreg råd til. I Norddalen står så mange som 1900 menneske utanfor arbeidslivet. Dette tilsvasar ei heil kommune. Av desse er 300 mellom 18 og 29 år.

Dette er menneske som står i utanforskning.

Utanforskning er lik arbeidskraftreserve. Det er uutnytta ressursar. Mange menneske, med hjelp av tilrettelegging og tiltak, har potensiale til å kome inn att i samfunnet – å kjenne på at dei høyrer til. Vi må hjelpe desse ut i arbeid og utdanning – og utan eit godt, lokalt, tilbod innan vidaregåande opplæring, kjem vi heilt enkelt ikkje i mål.

Innlandet treng sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og handverkarar – og mykje meir. Det ligg mange stillingar til ein kvar tid ute, men vi får ikkje dekt dei opp og har heilt enkelt rekrutteringsutfordringar – færre og færre søker på stillingar samfunnet ikkje klarar seg utan.

Ved å leggje ned ein vidaregåande skule som leverer kvalitet, som er med på å bidra med framtidige arbeidstakarar, vil denne utfordringa bli enda større enn den treng å bli.

Vi må snu kvar ein stein for å sjå kva vi kan gjere for å sørge for at ungdommen vår fullfører vidaregåande utdanning og vidare kan bli sårt tiltrengt arbeidskraft. Her må stat, fylkeskommune og kommune arbeide saman. Eit fundamentalt utgangspunkt er å sørge for at distrikta har gode vidaregåande skuletilbod som gjer at fråfallet blir mindre.

Det er no vi legg grunnlaget for om vi skal lukkast med å møte den store demografiske utfordringa vi om kort tid blir innhenta av, der vi for kvar nye innbyggjar i yrkesaktiv alder vi får, også får 24 personar over 67 år.

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande avd. Lom er ein skule med svært låge tal når det gjeld fråfall, og som har høg gjennomføringsprosent. Skulen hevar snittet til Innlandet. Skulen er ein viktig institusjon for ungdom i vår region, og ei nedlegging vil ha alvorlege konsekvensar for arbeidet med å førebyggje utanforskaps, samt å klare å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i regionen. Ikkje legg ned Nord-Gudbrandsdal VGS avd. Lom – la dei som veks opp her kjenne at dei høyrer til.